



# SOLUND VERFT

Tryggleik, kvalitet og  
løysingar for framtida



## Moderne verft med sterk lokal forankring

Solund Verft AS er eit fleksibelt og allsidig skipsverft med spesialisering innan nybygg, ombygging, reparasjon og vedlikehald. Verftet vart etablert i 1976 og har sidan den gongen vore ei hjørnesteinsbedrift i Solund kommune.

Med lang erfaring og ei sterk satsing på kvalitet, leverer vi tenester til fiskeri- og havbruksnæringa, reiarlag og landbasert industri på Vestlandet. Vi har om lag 30 faste tilsette og samarbeider tett med 20 faste partnarar for å sikre effektiv gjennomføring av prosjekta våre.

Det moderne anlegget vårt inkluderer eit 240 meter langt kaianlegg fordelt på tre kaier, samt ei dokk med kapasitet til fartøy opptil 1000 tonn, 75 meter i lengde og 15 meter i breidde.

Vi er stolte av utviklinga vår, og med kontinuerlege investeringar i kompetanse og fasilitetar er vi godt rusta for framtida.

# Komplette løysingar frå A til Å


Hovudverksemda vår er lokalisert på Vestlandet, men vi utfører oppdrag over heile landet. Vi tilbyr alt frå planlegging til ferdigstilling av nye fartøy, ombyggingar, klassing, utrustning og vedlikehald.

Ved akutte behov kan vi mobilisere raskt for reparasjon av motorar, framdriftssystem og stålarbeid.

## Hovudkundane våre:

- Fiskebåtar
- Lastebåtar
- Ferjer
- Oppdrettsbåtar
- Brønnbåtar
- Oppdrettsflåtar

Med moderne anlegg og dyktige fagfolk sikrar vi høg kvalitet i alle prosjekt.



**MarineShaft**

Rudder and Propeller  
Repairs in-house and on-site

DK-9850 Hirtshals +45 96 56 02 02

**EN AV VERDENS LEDENDE LEVERANDØRER AV OFFERANODER FOR KATODISK BESKYTTELSE FOR SKIPSFART, OFFSHORE OG INDUSTRI**

**BEME**  
BEME CORROSION INTERNATIONAL AS

[www.beme.no](http://www.beme.no)

# Heile spekteret av skips- vedlikehald og nybygg

Vi tilbyr eit breitt utval av tenester, der kvalitet og presisjon står i sentrum.

- Mekanisk avdeling – maskinering, motorarbeid og service på framdriftssystem
- Overflatebehandling – sandblåsing, vassblåsing og UHP-vassblåsing
- Plate- og stålarbeid – sertifiserte sveisarar for metallarbeid av høg kvalitet
- Skipselektro – i samarbeid med HAFS Elektro AS
- Ombygging, reparasjon og nybygg – stål-, aluminium- og rørarbeid



Vi jobbar aktivt for å bidra til det grøne skiftet,  
med fokus på elektriske nybygg og utstyr til  
offshore vindmøller.

# Erfaring, fagkunnskap og framtidsretta løysingar


Solund Verft er bygd på solide fagmiljø, der mekanikarar, sveisarar, røyrleggjarar, ingeniørar og A-sertifisert personell jobbar saman for å finne dei beste løysingane.

Vi legg stor vekt på HMS og tryggleik i alt arbeid vi utfører, og vi jobbar aktivt for å tilby ein stabil arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø.

## Lærebedrift for framtidia

Kvart år tek vi inn lærlingar i platearbeidar-, sveise-, motormekanikar- og industrimekanikarfaga. Vi tilbyr praktisk opplæring med fokus på klassing, vedlikehald og kontroll av fartøy.

Vi trur på kompetansebygging og utvikling for både våre tilsette og framtidas fagarbeidrarar.



**Malproff har utsalgsssteder og distribusjonspunkter over hele landet og er Norges ledende leverandør av overflateprodukter til proffmarkedet.**

Med mer enn 30 000 produkter fra ulike leverandører har vi det mest omfattende sortimentet i markedet.

Vi leverer Jotuns skips- og industri-maling samt alt av verktøy innen overflatebehandling.



Les mer på  
**malproff.no**





## Kontakt

Solund Verft AS  
Krakhellevegen 355  
6924 Hardbakke  
Tlf. 57 78 60 10

[post@solundverft.no](mailto:post@solundverft.no)  
[www.solundverft.no](http://www.solundverft.no)

Facebook



Instagram



- **TRANSPORT**
- **FLYTTEHENESTER**
- **TERMINAL & DISTRIBUSJON**

Treng du hjelp med transport, terminalteneste, flytting eller oppbevaring?  
Med hovudsete i Førde i Sunnfjord ligg vi strategisk plassert mellom Bergen og Ålesund.  
Spør oss gjerne om eit uforpliktande tilbod på ditt oppdrag!

578 28 100



[post@hktransport.no](mailto:post@hktransport.no)



[hktransport.no](http://hktransport.no)



**HOFF & KNOTSON TRANSPORT**  
SØGN OG FJORDANE FLYTTEBYRÅ

# SAFE & FAST.

SHIPLIFT SYSTEMS  
& DOCKING SOLUTIONS

[syncrolift.com](http://syncrolift.com)

